



Arkivnr: 2014/278-26

Saksbehandlar: Gudrun Einbu

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

## Handlingsprogram 2016 - 2019 Kollektivstrategi for Hordaland

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram handlingsprogram for 2016 – 2019 for oppfølging av Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet gjer greie for planar for utvikling av linjenett og rutetilbod mellom anna knytt til utbygging av Bybanen og nye kollektivanbod. Handlingsprogrammet gjev også oversikt over korleis ein vil arbeide vidare med betre informasjon til dei reisande, enklare billettar og betalingsløysingar, auka kunnskap om rutetilboden og å gjere kollektivsystemet meir synleg. Tiltak og prioriteringar for meir miljøvenleg drift av kollektivtrafikken er også del av handlingsprogrammet.

Når det gjeld infrastruktur for kollektivtrafikken speglar handlingsprogrammet tiltak i relevante handlings-, plan- og byggjeprogram, dei viktigaste er plan- og byggjeprogram for Bergensprogrammet og for fylkesvegane.

Det blir lagt opp til ei vidareutvikling av strukturen på rapportering frå kollektivområdet. Frå 2016 vil det bli lagt fram ein årsrapport som tek opp i seg det beste frå tradisjonen med den årlege Kollektivmeldinga, men som blir betre kopla med rapportering på kollektivstrategi og handlingsprogram.

Fylkesrådmannen meiner handlingsprogrammet gjev ei god oversikt over samla innsats på kollektivområdet, og viser at vedteken kollektivstrategi blir følgt opp med konkrete tiltak. Kostnadsveksten knytt til drift av kollektivtrafikken vil vere utfordrande i åra framover. Dei finansierte tiltaka for tilrettelegging av infrastruktur og framkomst for buss som ligg i dette handlingsprogrammet vil ikkje vere tilstrekkeleg for å nå overordna mål om effektive og føreseielege kollektivreiser. Fylkesrådmannen vil også påpeike at satsinga på kollektiv gjev auka behov for kapasitet og kompetanse på området.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.10.2015

### Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. Det er eit samfunnsoppdrag av stor verdi for innbyggjarane, og som grip inn i kvar dagen til mange. I juni 2014 vart ein strategi for utvikling av kollektivtrafikken i eit langsiktig perspektiv vedteke av fylkestinget (sak 30/2014). Det vart i same sak vedteke at kollektivstrategien skal bli følgt opp av eit handlingsprogram med fireårsperspektiv. Det første handlingsprogrammet vart vedteke i fylkestinget i mars 2015 (sak 18/2015).

Det er lagt opp til årleg rullering av handlingsprogrammet, med politisk handsaming i fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen legg med denne saka fram rullert handlingsprogram for oppfølging av kollektivstrategien i perioden 2016 – 2019.

### Rammer for handlingsprogram kollektiv

Formålet med handlingsprogram kollektiv er å følge opp og sikre gjennomføring av vedtekne strategiar. Handlingsprogrammet peiker på hovudinnsatsområder og større oppgåver fylkeskommunen vil prioritere dei neste åra – innanfor dei aktuelle økonomiske rammene. Med handlingsprogram kollektiv ønskjer ein å gje ei samla oversikt over innsats på kollektivområdet i fylkeskommunal regi. Det er eit mål å oppnå god samanheng mellom oppfølginga av strategiane for kollektivtilbodet, på tvers av einingar i fylkeskommunen.

Kollektivstrategien peiker og på innsatsområde der fylkeskommunen ikkje allein rår over verkemidla. Dette gjeld særleg tiltak knytt til infrastruktur og framkomst for kollektivtrafikken. Handlingsprogram kollektiv har som mål å vise den samla innsatsen på kollektivområdet, ved å spegle tiltak i relevante handlings-, plan- og byggjeprogram.

Skyss har ansvaret for å utarbeide handlingsprogrammet på vegne av fylkeskommunen. Handlingsprogrammet er eit viktig styringsverktøy for Skyss.

### Prioriteringar og tiltak i perioden 2016 – 2019

Prioriteringane i handlingsprogrammet er bygd opp rundt dei fire hovudtemaa i kollektivstrategien;

- Best tilbod der flest reiser
- Enkle reiser
- Effektive reiser
- Miljøvenleg drift

Tabellane under oppsummerer på overordna nivå prioriteringar og tiltak på dei ulike områda.

#### *Best tilbod der flest reiser*

Kollektivstrategi for Hordaland slår fast at målet er å gje eit best mogleg kollektivtilbod til flest mogleg av innbyggjarane i Hordaland, innanfor våre økonomiske rammer. Det gjer vi ved å tilpasse kollektivtilbodet til dei store reisestraumane i fylket. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2016 – 2019:

Strategiar for best tilbod der flest reiser	Prioriteringar og tiltak 2016 – 2019
Styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane	Opne Bybanen frå Lagunen til Bergen lufthamn, og legge om busslinjene i området
Vidareutvikle stamlinjene i	Styrke busstilbodet i Bergen knytt til innføring av tidsdiferensierede bompengar

<i>Bergen</i>	Etablere regionstamlinjer i Bergensområdet, første strekning Nordhordland – Bergen
<i>Utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet</i>	Gjennomføre tiltak for betre kapasitet for buss i Bergen sentrum
<i>Knyte regionane i fylket saman</i>	Styrke planleggingsgrunnlaget mellom anna med betre verkty for analyse av passasjertal og køyretider
<i>Tilby eit samanhengande grunntilbod i heile fylket</i>	Førebu endringar i rutetilbodet knytt til nye bussanbod og vidare utbygging av Bybanen, mellom anna utarbeide trafikkplanar for utvalde område
<i>Samordne offentleg transport i tynt befolka områder</i>	Utgrei framtidig kollektivnett buss/bane i planlegging av nye byggetrinn for Bybanen
<i>Utvikle eit enklare og meir effektiv linjenett</i>	Definere framtidig hovudlinjenett for å knyte regionane i fylket saman Vidareutvikle forvaltninga av skuleskyss, mellom anna utarbeide betre retningsliner og samhandling med kommunar og skular Gjennomføre anbodskonkurransar og starte opp nye anbod for fylkesvegferjene

### *Enkle reiser*

Eit av dei overordna måla i kollektivstrategien er at kollektivtrafikken skal vere eit enkelt og attraktivt reiseval. Den reisande skal møte eit tilbod som er lett å bruke og som held høg kvalitet i heile reisekjeda – dette er heilt sentralt for å få fleire reisande. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2016 – 2019:

Strategiar for enkle reiser	Prioriteringar og tiltak 2016 - 2019
<i>Enkelt å finne relevant informasjon om reisa</i>	Gje dei reisande melding om avvik og endringar på ein god måte
<i>Enkelt å velje riktig billett og å betale for denne</i>	Gjere det enda enklare å kjøpe billett og betale for denne Kartlegge løysingar for sal og billettering i framtida
<i>Auke kunnskapen om kollektivreiser</i>	Gjennomføre endringar som følgje av ny takst- og sonestruktur
<i>Gjere kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom</i>	Utarbeide skreddarsydde løysingar for informasjon til tilsette ved store arbeidsplassar
<i>Heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar</i>	Marknadsføre eksisterande linjenett Oppgradere haldeplassar og informasjon i Bergen sentrum og på knutepunkt og terminalar utanfor Bergen

## *Effektive reiser*

Kollektivreiser skal vere eit reelt alternativ til bilen, også når det gjeld reisetid. Dette målet er slått fast i kollektivstrategien. Rask og forutsigbar framføring av bussane er ein føresetnad for å levere eit godt tilbod til dei reisande. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2016 – 2019:

<b>Strategiar for effektive reiser</b>	<b>Prioriteringar og tiltak 2016 – 2019</b>
<i>Minimere stoppetid på haldeplass</i>	Planlegge for vidare bybaneutbygging og samla kollektivnett for buss og bane mot nord og vest
<i>Infrastrukturtiltak som får bussen fram</i>	Gjennomføre strekningsvise analysar for fleire av bystamlinjene og dei viktigaste bylinjene
<i>Restriktive tiltak for biltrafikken</i>	Gjennomføre pilotprosjekt for aktiv signalprioritering som gir erfaringsgrunnlag for fleire aktuelle kryss og strekningar
<i>Kollektivorientert byutvikling</i>	Gjennomføre planlagde kollektivfelt/sambruksfelt og planlegge for realisering av fleire aktuelle trasear
	Gjennomføre planlagde oppgraderinger av knutepunkt og haldeplassar i og utanfor Bergen
	Følgje opp strategi for innfartsparkering, koordinert med utbygging av Bybanen (Åsane og Birkelandsskiftet), innfartsparkering for sykkel på alle store kollektivknutepunkt
	Styrke fylkeskommunen si rolle som høyningsinstans for areal- og transport, og å starte eit opplegg for kompetanseheving for fagmiljøa

## *Miljøvenleg drift*

Kollektivstrategi for Hordaland og Miljøstrategi for Skyss slår fast at kollektivtrafikken sitt viktigste klima- og miljøbidrag er å ta trafikkveksten. Vi vil også ha meir miljøvenleg drift, men det er viktig å balansere ressursbruk mellom auka kapasitet/kvalitet i tilbodet og meir miljøvenleg teknologi. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2016 – 2019:

<b>Strategiar for miljøvenleg drift</b>	<b>Prioriteringar og tiltak 2016 – 2019</b>
<i>Sikre låge utslepp frå busstrafikken</i>	Ta i bruk lokalprodusert biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen som drivstoff på gassbussane i Bergensområdet
<i>Redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken</i>	Utgrei utviding av linje 2 for trolleydrift på strekningane mot Nesttun, Oasen og Laksevåg
<i>Pådrivar for forsking og utvikling</i>	Vurdere krav til drivstoff og teknologiar til bussane før nye anbod i rutepakkanne i og rundt Bergen
	Inngå nye kontraktar for fylkesvegferjer
	Førebu ny kontrakt for «Miljøbåt» på sambandet Kleppestø–Strandkaien

## Ny struktur på årsrapportering frå kollektivområdet

Kollektivstrategien peiker ut retninga for utvikling av kollektivtrafikken i Hordaland i eit 2030-perspektiv. Handlingsprogrammet viser korleis det blir arbeidd for å gjennomføre strategiane og status for tiltak som er sett i verk. For å gje svar på korleis utviklinga i kollektivtrafikken er, og korleis vi ligg an for å nå dei overordna måla, blir det no utarbeidd ein ny struktur på rapporteringa frå kollektivområdet. Med dette ønskjer ein å sikre god og relevant informasjon til både vedtaksmynde og offentlegheita, og å gje eit faktabasert grunnlag for å peike på både kva ein har fått til og utfordringar framover.

Frå 2016 vil det bli lagt fram ein årsrapport som tek opp i seg det beste frå tradisjonen med den årlege Kollektivmeldinga, men som blir tilpassa vedteken strategi og handlingsprogram. Årsrapporten vil i hovudtrekk innehalde:

- Oversikt over viktige hendingar og tiltak i året som gjekk.
- Rapportering på dei viktigaste indikatorane som viser om vi når mål og ambisjonar frå kollektivstrategien. Dette inkluderer mellom anna passasjertal, utvikling i tilfredsheit med kollektivtrafikken og utviklinga i framkomst for kollektivtrafikken i Bergensområdet. Rapportering på klima- og miljø blir også ein del av dette.
- Fakta som er av almen interesse, til dømes detaljert trafikkstatistikk, oversikt over kontraktar og ruteområde.

Årsrapporten vil bli lagt fram for politisk nivå så snart årsoppgjaret for 2015 og andre relevante tal er tilgjengelege, i løpet av første kvartal.

## Fylkesrådmannen si vurdering

Handlingsprogrammet gjev ei god oversikt over samla innsats på kollektivområdet, og viser at vedteken kollektivstrategi blir følgt opp med konkrete tiltak. Ein ny struktur på rapporteringa frå kollektivområdet som ein her legg opp til vil også vere ei god vidareutvikling av denne systematikken.

Det har vore god utvikling i talet på reisande med kollektivtrafikken over lengre tid. Bybanen har vore eit stort løft for kollektivtrafikken i Bergen. Det har også vore gjort gode grep i rutetilbod for buss med ei stadig auke i tilboden. Vidareutvikling av trafikantinformasjon, salskanalar og marknadsføring har også hatt effekt. Vi ser no likevel ein trend som tyder på at utviklinga i passasjertal flatar ut, noko som er urovekkjande. Dersom ein skal nå overordna mål for kollektivtrafikken i Bergensområdet, vil det vere naudsynt å oppretthalde veksten.

Kostnadsveksten knytt til drift av kollektivtrafikken vil vere utfordrande i åra framover. Dette handlar om auka driftskostnader i kollektivtrafikken generelt, men ikkje minst om finansiering av den auka kapasiteten som vil vere naudsynt for å nullvekstmålet i Bergensområdet. Belønningsmidlar og framtidig bymiljøavtale vil vere finansieringskjelde for gjennomføring av store delar av tiltaka i handlingsprogrammet for kollektivstrategien. Avtalen har avgjande verdi for vidare utvikling og styrking av rutetilboden. Samstundes vil det vere behov for å styrke finansiering til drift av kollektiv i åra framover. Tiltak som er sett i verk vil krevje finansiering i påfølgjande år, samstundes som det er mål og planar om nye kollektivtiltak. Gjeldande belønningsavtale sikrar ikkje tilstrekkeleg finansiering til drift i samsvar med ambisjonane om vekst i talet på kollektivreisande.

Kollektivstrategien peiker på føreseielege og effektive kollektivreiser som føresetnad for å tiltrekke seg eit stort antal nye reisande. Bybanen er eit godt døme på korleis ein kan ta marknadsandelar frå privatbilen. Dette ser vi tydeleg i siste reisevaneundersøking for Bergensområdet. Tala viser ei markant endring i hovudreisemåtar mellom bydelane Bergenhus, Årstad, Fana og Ytrebygda – delen av reiser som bilførar er redusert frå 54 til 47 % frå 2008 til 2013.

Analysar av moglegheit til å nå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergensområdet viser at sjølv med eit fullt utbygd bybanenett til alle bydelar i Bergen, vil omlag 60 % av alle kollektivreiser skje med buss. Dette er eit grovt anslag, men viser at det er nødvendig å satse på eit samla kollektivnett av buss og bane. Dei finansierte tiltaka for tilrettelegging av infrastruktur og framkomst for buss som ligg i dette handlingsprogrammet vil ikkje vere tilstrekkeleg for å nå overordna mål om effektive og føreseielege kollektivreiser også med buss.

Fylkesrådmannen vil også påpeike at satsing på kollektiv gjev auka behov for kapasitet og kompetanse på området. Handlingprogrammet peiker på behovet for at fylkeskommunen styrker si rolle som høyningsinstans og fagleg rådgjevar i planprosessar som omhandlar areal og transportutvikling i byområde og tettstader. Ein bør også vurdere å starte opp eit felles opplegg for kompetanseheving for fagmiljøa i fylkeskommunen, kommunane og andre etatar.